

Sakshandsamar:

Eva Solhaug Fosshagen
E-post: Eva.Fosshagen@sfj.no
Tlf.: 57638067

Vår ref.

Sak nr.: 18/6205-117
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 07.01.2019

Solfrid Ryum
Ryavegen 62

5743 FLÅM

Varsel om opphør av skyssett

Viser til søknad om skuleskyss i Kringom skule datert 08.08.18, og utdeling av skuleskysskortet ved skulestart.

Samferdsleavdelinga har på oppmoding til Sogndal vidaregåande skule motteke ei oversikt over hybelbuarar tilhøyrande skulen. Vi har samanlikna denne lista mot dei som har skuleskysskort.

Oversikta viser at du har hybeladressa i Sogndal, Kyrkjebakken 35. Avstanden frå hybel til Sogndal vidaregåande skule er 1,1 km.

Kortaste gangavstand ein veg rekna frå bustad til opplæringsstad (dør til dør) vert lagt til grunn for måling av avstand. Brøytt veg (inkl. gang- og sykkelveg), stiar og trakk som er i allment bruk mesteparten av året, kan sjåast på som skuleveg. Som oppmålingsverktøy nyttar vi www.fylkesatlas.no.

I følgje Skyssement for elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane punkt 4.7, får ikkje elev som bur på hybel dekka utgifter i samband med heimreiser i helgar, feriar eller fridagar.

Det er tre veker frist til å kome med tilbakemelding munnleg eller skriftleg før det vert fatta vedtak i saka. Skriftleg tilbakemelding må du sende til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger eller til post@sfj.no

Med helsing

Øystein Hunvik
ass. fylkesdirektør

Eva Solhaug Fosshagen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift